



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	01.10.2025
Møtetid:	15:00 - -21:30
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Odd-Marthin Totland	medlem	H	
Frank Erik Øksnes	medlem	U	
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Ingeborg Lohne Hordvik	medlem	SAM	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	
Reidar Øksnes	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Kristoffer Myklebusthaug	MEDL	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Casper Emil Ramsland	Varamedlem	H	

Følgjande frå administrasjonen møte:

Britt Mary Skaalevik Lerøy

kommunedirektør

Kristin Nesbø

møtesekretær

Bjarte Rosenlund

kommunalsjef

Odd Harald Dommersnes

økonomi- og HR sjef

Asbjørn Nagell Toft

plansjef

Trine Merete Jansen

kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Kristin Nesbø

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 68/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 1. oktober 2025	
PS 69/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå 11. september 2025	
PS 70/2025	Referatsaker til kommunestyremøtet 1. oktober 2025	
RS 43/2025	Oppdatert dokument - Reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune	
PS 71/2025	Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 1. oktober 2025	
PS 72/2025	Møteplan for 2026	
PS 73/2025	Skulerute for skuleåret 2025-2026 (korrigert)	
PS 74/2025	Tertialrapport 2 med budsjettjustering	
PS 75/2025	Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering mellom tomtealternativ	

PS 68/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 1. oktober 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 68/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 1. oktober 2025
Kommunestyret - 01.10.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 68/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 1. oktober 2025
Kommunestyret - 01.10.2025

Innkalling og sakliste vert godkjent

PS 69/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 11. september 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokoll frå 11. september vert godkjent.

Sak 69/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 11. september 2025

Kommunestyret - 01.10.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Per Lerøy stilte spørsmål om saka om myr som var oppe i kommunestyret er teke vidare.

Ordførar Morten Sognnes stadfesta det.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 69/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 11. september 2025

Kommunestyret - 01.10.2025

Møteprotokoll frå 11. september vert godkjent.

PS 70/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 1. oktober 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert teke til vitande.

Sak 70/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 1. oktober 2025

Kommunestyret - 01.10.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 70/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 1. oktober 2025

Kommunestyret - 01.10.2025

Referatsakene vert teke til vitande.

RS 43/2025 Oppdatert dokument - Reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune

PS 71/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 1. oktober 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til vitande.

Sak 71/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 1. oktober 2025

Kommunestyret - 01.10.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) ba om at møte vart lukka med heimel i kommunelova § 11-5. b. for ei orientering ved plansjef Asbjørn Toft.

Etter at møtet var ope igjen, var det følgjande orienteringar:

Kjell Roar Kaasa frå Allstad (tidlegare Opplysningsvesenets fond)

Allstad er representert i nesten 300 kommunar, som eigar av blant anna skog og mark og prestebustader. Staten eig 100% av aksjane i Allstad.

Kaasa orienterte om forretningsområda som er mellom anna by- og stedutvikling, næring og omsorg og vidare om kompetanse, kostnader, og korleis dei kan bistå kommunar i å etablere omsorgsbustader.

Allstad bygger, men skal ikkje eige omsorgsbustadane, kommunen treng ikkje kjøpe bustadane, men kan leige dei via Samfond der største investor er KLP.

Allstad kan bygge på eige tomt, kan også gjere makebytte med kommunar eller kjøpe eksternt.

Kaasa viste til ulike døme på prosjekt i Alstahaug og Lyngen.

Atle Bakke (H) tiltrådde møte kl.15.50 (under presentasjon frå Allstad).

Per Lerøy (Ap) - dette er svært spanande, håpar vi kan jobbe vidare med dette og får realisert omsorgsbustadar.

Anna Lygre Solvang Vest- Norges Brusselkontor

Orienterte om ny strategi og det som er på agendaen i EU. Vest - Norsk Brusselkontor vart oppretta i 2003.

Regionkontor er ein europeisk måte å jobbe på, dei første vart etablert på 80-tallet. ca. 350 regionkontor i Brussel og dei kontoret sine samarbeidspartar.

Har hatt ei strategigruppe, der alle medlemmar kunne melde inn deltakarar, dei har utarbeida ein ny strategi utarbeida med støtte frå administrasjon på Vest-Norsk Brusselkontor. Norge deltar i 11 ulike EU-program. Det er mykje regelverk som påverkar oss i Norge, også kommunane.

Kontoret kan mellom hjelpe med å finne samarbeidspartar, og kvalitetssikre søknadar, men skriv ikkje søknader.

Sjå presentasjon.

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy spurte korleis det er med finansiering, må kommunen stille med eigenandel.

Anna Lygre Solvang svarte: Det varierer, nokre prosjekt er fullfinansierte, men det er lurt at kommunen har sett av midlar sjølv.

Reidar Øksnes (Sp): nemnde Austrheim vidaregåande skule og spurte om det er prosjekt som dei kan nytte godt av?

Anna Lygre Solvang svarte: Det finnes mange gode prosjekt i Erasmus. Det kan gjere skulen meir attraktiv. Da er det god støtte i Vestland Fylkeskommune, dei delar ut mykje av midlane innan Erasmus.

Renee Semmingsen (SL): Austrheim vidaregåande har elevar i Frankrike i Erasmus akkurat no. Helse og oppvekst reiser til Danmark med slike prosjekt, og skulen er aktiv innan Erasmus. Med tanke på ungdomsskulen er det kanskje noko ein bør jobbe meir med.

Anna Lygre Solvang: Erasmus pluss akkreditering er ei mogelegheit som skal gi forenkla og forutsigbarheit når det gjeld prosjekt.

Aslak Bakke (H): oppmodar kommunen til å sonde eventuelle samarbeidspartar. Det er ei folkemengde som er større enn oss.

Anna Lygre Solvang: Vi jobbar for å få til felles samarbeid. Det ligg mykje potensiale som ikkje er utnytta. Kontoret får førespurnader om mogelege partnarar i Norge.

Reidar Ulvøy (Ap): Interessant orientering. La spesielt merke til tema som bærekraft, og bruk av havet. Ei utfordring til Vest-Norsk Brüsselkontor: det er på høg tid at vi tek i bruk energiproduksjon frå havets bevegelse. Vi har mykje kompetanse i oljebransjen.

Anna Lygre Solvang: Tar det med vidare og nemner at EU prøver å forenkle konsesjonsprosesser når det gjeld fornybar energi.

Vidare orienterte administrasjon om følgjande:

Kommunalsjef Samfunn Bjarte Rosenlund:

- Barnehagen på Kaland: denne veka har kommunen overtatt den avdelinga for store barn. Her er vi på plan og budsjett. Entreprenør jobbar vidare med resten.
- Konsulentbruk helse- og omsorgstun og rutine for konsulentbruk. Blir ei opplæring for offentlege anskaffingar i desember i år. Sjå presentasjon.
- Vatn - Solend - Førland. Sjå presentasjon.

Per Lerøy (Ap) - er ikkje nøgd med administrasjon i prosjektet vatn Solend - Førland. Meiner og den verste traseen er valt og at sørsida av vegen er grunnar. Kommunestyret burde fått melding om at prosjektet får ein høgare kostnad.

Bjarte Rosenlund: Kan kome tilbake til meir informasjon om anbudsprosessen. Det er mange vurderingar som er gjort.

Reidar Øksnes (Sp) - skulle gjerne hatt andre tal, men det er greie tal og god orientering. Burde vi utdanne høgare kompetanse for oppfølging av prosjekt. Trafikksikring og VA utbygging i området, det visste vi om. Kanskje må kommunestyret sikre seg meir fakta før ein seier ja. Må også sikre oss at nye pålegg kjem ikkje gjer prosjekta uventa dyrare. Følgjer ikkje heilt den bastante kritikken av administrasjon.

Reidar Ulvøy (Ap) - manglande ressursar som nemnt i samband med bruk av konsulentar: Oppretting av eigedomsselskapet skulle frigi ressursar. Kor er det blitt av desse ressursane? Bruk av konsulentar, det bør loggførast slik at ein kan ta ein tilbakeblikk og justere kompetansen.

Aslak Bakke (H) - det positive her er at vi snart har kobla vatn i lag gjennom kommunen, det neste må vere mot Litlelindås. Viss entreprenør vel feil trase, så er ikkje det bra. Det er sjølvkost og avgiftene må justerast.

Bjarte Rosenlund: Ein entreprenør vel den beste traseen utifrå da ein starta prosjektet, teikningane var ferdig, søknad var sendt til fylket og prosjektet var så og si i gong. Alt var ikkje klart før vi starta opp, endringane er skjedd etter faglege grunngjevingar. Fylket har kome med endringar, vi har derfor gjort nye prosjekteringar undervegs. Det er mange ulike

faktorar som påverkar heile vegen. Sjølvkost - det er med. Vi går ikkje utover rammene vi har.

Frank Erik Øksnes (Uavh) - dette prosjektet låg langt nede på prioriteringslista. Vi må ta litt sjølvkritikk som ikkje høyrde på kommunedirektøren den gongen.

Bjarte Rosenlund: Prioriteringslista vil endre seg etter kvart som nye forskrifter og behov kjem opp. Ringleidning er viktig også for beredskap. Det var kanskje ikkje det vi måtte prioritere, men den er viktig.

Per Lerøy (Ap) - meiner prioriteringane vart endra mykje tidlegare, da det kom vatn til Solen, var det meining at leidningen til Fjørland skulle komme. Det vart ikkje gjort, truleg grunna kostnad.

Vi har lagt andre vassleidningar, der kostandane var lågare. Synes ikkje dette rimer, med tidlegare kostnader. Administrasjon la fram at vi skulle lage fortau samstundes, det var ikkje eit prioritert trafikksikringstiltak.

Gro Kaland (Sp) - Stilte spørsmål: Har sett at det i nabokommunen er det sak om veglys. Der det ei sak vi får til handsaming her i Austrheim?

Bjarte Rosenlund - Vi har overteke eigarskap av veglys på kommunale vegar. Vi har avtale med Vestland fylkeskommune når det gjeld vedlikehald på våre veglys.

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy:

- Omfang timetal fritidskontakt. - sendt ut informasjon om endra timetal til brukarane og til fritidkontaktene. Sjå presentasjon.
Kommentarar:
- Renee Semmingsen (SL) - Reagerer på setninga om at reduksjon ført i dei høye vedtaka. Vi bur langt frå mykje av det som føregår. Berre om ein skal gå til samfunnshuset på kino går det fort av tildelte timar. Skal ein til Knarvik eller Bergen er også 10-timar for lite. Dette rammar dei svakaste i samfunnet vårt. Vi kan spare ca. 300.000,- . Det kan vere andre ting vi kan spare på.
- Per Lerøy (Ap) - har vore drøfta i gruppemøte. Har respekt for at administrasjon skal spare, men er einig med samlingslista. Synes ikkje dette er rett område å spare pengar på.
- Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy - dette er berre eit av innsparingstiltaka, meir kjem. Det er forståing for kommentarane.
- Aslak Bakke (H) - korleis fungerer bruken av desse timane.
- Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy - vi ønsker å ha ein standardisering på timetal.

- Ingeborg Hordvik (SL) - pårørende står i særskrevjande situasjonar. Kanskje er desse timane som gjer at pårørende greier å ha sine heime lenger. Færre timar kan vere det som gjer at dei ikkje kan det.
- **Status avvik.** - Kommunen har gode prosesser på avviksregistrering, og dette lærer vi av. Mange avvik er lukka. Sjå presentasjon.

Økonomi og HR-sjef Odd Harald Dommersnes:

Statsbudsjettet blir lagt fram seinare enn vanleg. Statsforvaltaren seier det kjem den 15.10, det blir knapt mot den 30.10, da budsjettet skal leggjast fram for dei folkevalde i Austrheim.

Det vil bli gjennomført oppseiingar - justering av bemanning. Utfordringar mellom anna innan:

- teknisk med vedlikehalds etterslep
- auka sosiale ytingar
- bortfall av inntekt barnehage etter barnehageforliket.
- må sjå på lovpålagte tenester.
- rammene, ikkje heilt samsvar med det som blir budsjettet.

Per Lerøy (Ap) - 12.10 er trontaledebatt. 15.10 kjem budsjettet frå regjeringa. Det kan ta tid før det er heilt ferdig vedteke. Signalet frå kommunane er at vi slit, og statsministeren fekk klar melding i møte denne veka.

Frank Erik Øksnes (Uavh) Kva kontakt har vi med NAV og kan vi finne ut kvifor vi har dobbel auke når det gjeld sosiale utgifter samanlikna med nabokommunane?

Ordførar Morten Sognnes (H) svara at vi har god kontakt - dei skulle vore her i dag, men kjem 30.10.

Aslak Bakke (H) - Vi stemmer alltid for at det skal vere slik det er. Vil oppmode om at ein tenkjer smartare, korleis skal vi jobbe vidare for å få ting til. Må justere litt på ordvala våre.

Morten Sognnes (H) Kontrollutvalet seier vi må har eit realistisk budsjett.

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy - vi må tenkje nytt, det er ikkje så enkelt å tenke nytt, men vi må snu oss. Vi må løfte hovudet litt og sjå kva vi eigentleg skal prioritere. Det blir ei krevjande øving.

Ordførar Morten Sognnes:

Mattilsynet avslår søknad om ny lokalitet Senoksen i Austrheim kommune.

Kommunen ved ordførar har sendt brev til Mattilsynet om saka. Brevet vart vist og lese gjennom i møte. Brevet blir publisert på kommunen si postliste i sak 24/1458.

Per Lerøy (Ap) - Vi har jobba i over 3 år saman med fagmiljøet for å få fram felles plan for sjøareal og mattilsynet har hatt mange mogelegheiter til å gi innspel. Så det er svært bra at det blir sendt inn brev til Mattilsynet.

Renee Semmingsen (SL) - Mattilsynet drar opp merdar med sjølvdød fisk og synes ikkje dette er positiv.

Reidar Øksnes (Sp) - det merd sjølvdød fisk har ikkje noko med akkurat lokalitetane å gjere. Dette er noko anna som har med utvikling av sjøarealet vårt å gjere.

Per Lerøy (Ap) - støttar Reidar Øksnes i det han sa.

Plan for næringsutvikling i fylket vart vidareført, og det er i tråd med den planen for sjøareal.

Aslak Bakke (H) - kan vi legge meir trøkk i denne saka. Er det det noko meir vi kan gjere så bør vi det.

Reidar Øksnes (Sp) - ønsker å ta opp ei sak som har ikkje noko med orienteringane å gjere. Det for ein motorsyssel forbi, bussen køyrde i 50 km. Motorsykkelen køyrde mykje fortare, er det noko me kan gjere noko med dette?

Vedtak i sak 71/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 1. oktober 2025
Kommunestyret - 01.10.2025

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

PS 72/2025 Møteplan for 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i vedlegget.

Sak 84/2025 Møteplan for 2026

Formannskapet - 18.09.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Tilbakemeldinga frå formannskapet var ein må sjå nærare på innhaldet for todagarssamlinga i mai, for å sjå at innhaldet på desse møtedagane er matnyttig. Semje i formannskapet om at ein kjem med innspel til administrasjonen om innhaldet på desse dagane, og ber om å få programmet ut i tilstrekkeleg tid til å komma med innspel og tilbakemeldingar. Dersom det vert gjort arbeid med strategien, til dømes kommuneplanen sin samfunnsdel, må ein følgja opp dette arbeidet i etterkant.

Per Lerøy (Ap) oppfordra til å bruka noko midlar på eit betre trådløst nett i Rongevær, Morten Sognnes (H) sa at dette er noko ein kan spela inn til turlaget, som leiger Rongevær.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 84/2025 Møteplan for 2026

Formannskapet - 18.09.2025

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i vedlegget.

Sak 72/2025 Møteplan for 2026

Kommunestyret - 01.10.2025

Handsaming:

Ordførar ønsker innspel og kommentarar om to-dagarsmøta.

Reidar Øksnes (Sp) - kven er det me sit der for. Det er for innbyggjarane våre. Kanskje kunne me med tilmålt tid få høyre frå lag/organisasjonar på desse dagane den eine dagen.

Frank Erik Øksnes (Uavh) - har vore veldig kritisk og føler ikkje vi har fått så mykje ut av det. Sjølv om vi er folkevald så må ein tenkje på arbeidsgjevarane. Føler ikkje at vi har fått så mykje ut av det.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) - eg ser litt det same som Frank Erik Øksnes, det kan vere nyttig, men å lage tankekart i to dagar blir litt bortkasta.

Terje Håland (Ap) - har gjort tankar om desse møta. Kanskje er det ulik på åra i 4-års perioden, for eit nytt kommunestyre kan det vere nyttig, men kanskje ikkje når kommunestyret er meir etablert. Betre at ein ser det an frå år til år.

Renee Semmingsen (SL) - ungdomsrådet. Ikkje sikker på at vi rekrutterer inn ungdom til politikken. Kunne vi invitert dei inn på desse dagane. Støtter Terje Håland sitt framlegg om å sjå an frå år til år.

Reidar Ulvøy (Ap) - det heiter strategimøte. Vi har hatt strategiar, men vi er for dårlege til å følge opp på det. Skal vi halde fram må vi ha ein betre struktur på desse dagane. Ønsker at neste kommunestyremøte blir 29.10. Den 30. kolliderer med engasjement for Ubåten på Fedje.

Morten Sognnes (H) - kan sjå litt på det med den 30. oktober.

Monika Thorpe (Ap) - er einig i at vi ikkje har fått det heilt store utbytte av desse to-dagarssamlingane. Vi må også ha fokus på den økonomiske situasjonen. Vi treng ikkje leige inn konsulentar og leige dyre lokale.

Frank Erik Øksnes (Uavh) - ubåten er viktig, men det er også arbeid

Ordførar Morten Sognnes (H) framlegg til vedtak: Vi vedtar møteplan slik den ligg føre, med eventuelle endringar for to - dagarssamlingane.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 72/2025 Møteplan for 2026

Kommunestyret - 01.10.2025

Kommunestyret vedtar møteplanen slik den ligg føre i vedlegget., med eventuelle endringar for to - dagarssamlingane.

PS 73/2025 Skulerute for skuleåret 2025-2026 (korrigert)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forskrifta om barnehage- og skuleruta for 2025- 2026 for Austrheim kommune vert vedtatt slik den ligg føre.

Sak 73/2025 Skulerute for skuleåret 2025-2026 (korrigert)

Kommunestyret - 01.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om at skuleruta kjem opp att som sak grunna ein feil dato, som no er retta.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 73/2025 Skulerute for skuleåret 2025-2026 (korrigert)

Kommunestyret - 01.10.2025

Forskrifta om barnehage- og skuleruta for 2025- 2026 for Austrheim kommune vert vedtatt slik den ligg føre.

PS 74/2025 Tertialrapport 2 med budsjettjustering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret tar tertialrapporten og gjeldsrapporten for andre tertial til vitande.

2.Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp eit lån i Husbanken på 7,5 millionar kroner til bruk som startlån.

3.Kommunestyret godkjenner at budsjettet for sosiale ytingar vert auka med 2,2 millionar kroner, vert finansiert gjennom nye kutt i revidert budsjett for 2025.

4.Skatteanslaget for 2025 vert redusert ned med 16 millionar kroner, mens rammetilskota vert auka med tilsvarende beløp.

Sak 78/2025 Tertialrapport 2 med budsjettjustering
Formannskapet - 18.09.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Gjekk gjennom rapportar for skatteinntektene, gjeldsrapporten per utgangen av august 2025, og situasjonen for låna kommunen har teke opp.
- Det er vekst i skatteinntektene, men ikkje like mykje som i ein del andre kommunar, også Austrheim sine nabokommunar.
- Lånerenta har gått litt ned, vekta gjennomsnittsrente er 4,64 prosent 31.08.2025, mot 4,74 prosent 31.08.2024.
- Låneopptaket er innanfor det som er sett opp i Finansreglementet for Austrheim kommune.
- Renteutviklinga er bra, på veg ned.
- Spent på kva som skjer med renta på startlån/Husbanken, om det også vil gå ned.
- Viste også til at det er sett i gang eit arbeid for å oppdatera vedtekter for eigedomsskatten, der det skal gjennomførast ny taksering.
- Budsjettjusteringa omfattar reduserte venta skatteinntekter, men dette er forventa kompensert gjennom auka rammetilskot (statleg inntektsutjamning).
- Må vera førebudde på at innsparingane kan føra til at innbyggjarane sine forventningar til tenester ikkje vert innfridde.
- Anne Hildegunn Færøy orienterte om at ein skal sjå på ordninga for vask av arbeidstøy for Nordliheimen. Må eventuelt ta ein anbodsrunde om dette skal gjerast av andre.

Når det gjeld tilskot frå Havbruksfondet vart det diskutert kring Mattilsynet sitt avslag på ny lokalitet ved Senoksen for fiskeoppdrett. Her er det ein risiko for at det blir redusert tilskot frå Havbruksfondet, sidan det ikkje er klarert nye areal frå kommunen.

- Per Lerøy (Ap) viste til at denne lokaliteten ligg i den godkjente planen for bruk av sjøområde i regionen, der Mattilsynet ikkje hadde protestar i høyringsrundane. I planen vart fire lokalitetar samla til to, herunder denne ved Senoksen som er ei samling av Bø (Radøy) og Allersholmane (Austrheim).
- Lerøy (Ap) har løfta saka til Fiskeriminister Marianne Sivertsen Næss (Ap), saman med andre kommunar som er i ein tilsvarande situasjon med avslag frå Mattilsynet der ein har samla fleire lokalitetar til ein ny.
- Lerøy (Ap) oppfordra til at også kommunen tar initiativ til å klaga på dette avslaget frå Mattilsynet. Må kunna stola på at kommunale planar som er godkjende, blir ståande. Tidlegare er det sagt frå Statsforvaltar at nye planar skal respekterast, det må gjelda også i dette tilfellet.
- Morten Sognnes (H) viste til at Regionrådet skal klaga på dette avslaget frå Mattilsynet, som ikkje er i tråd med den interkommunale planen for sjøareala. Mattilsynet valte å ikkje uttala seg, då planen var på høyring.

Når det gjeld statleg tilskot til ressurskrevjande brukarar, orienterte kommunalsjef for helse og omsorg Anne Hildegunn Færøy om at det har skjedd endringar i regelverket for kor mykje ein kan søka om frå Staten. Ordninga er slik at ein får tilskot berre for brukarar mellom 16 og 67 år, og berre om utgiftene er over innslagspunktet 1 692 000 kroner.

Per Lerøy (Ap) la fram nytt framlegg til vedtak, som tillegg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

PS 78/25 Framlegg til tillegg til vedtak:

5. Formannskapet ber om at kommunedirektøren straks går i dialog med NAV Fensfjorden med tanke på å finna løysingar som reduserer kommunen sine utgifter til sosiale ytingar både på kort og lang sikt.

I tillegg ber me om at følgjande tiltak blir sett i verk:

- Presenter kommunale bustadtomter til sals på kommunen si heimeside
- Gjer det same med kommunale næringseigedommar som er til sals
- Legg listene som viser kor mange hus det kan byggjast i arealplanperioden i kvar bygd ut på heimesida.
- Kommunen må klaga på Mattilsynet sitt vedtak om å nekta etablering av eit oppdrettsanlegg ved Senoksen i tråd med felles plan for sjøareal i Nordhordland.

- Til neste møte i kommunestyret ønskjer me ei orientering om kor mykje pengar kommunen har brukt på konsulentar i saka om nytt helsetun og ei liste over kva konsultentselskap kommunen har nytta seg av i dette arbeidet.
- Me må også få ei orientering om kor mange det er som vert råka av nedskjeringane i timetalet for fritidskontakt, samt kor store reduksjonar det er snakk om for den enkelte brukar. Kor mykje vil kommunen spara på dette tiltaket?

Hege Ramsland (H) kommenterte at dette med auke i sosiale utgifter ikkje berre har vore ei utfordring for Austrheim, men også Fedje og andre kommunar. Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy viste til at dette med sosiale utgifter er ei utfordring i fleire kommunar. I Austrheim er ein i gang med å jobba med dette, og har mellom anna gjennomført møte med Nav.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy sa om timebruk til fritidskontakt at det er på gang brev om nye vedtak på timetal.

- Per Lerøy (Ap) ba om at dette vart utsett til etter 1. oktober, slik at kommunestyret kan få ei orientering på dette for å ta stilling til det. Dette vart lagt til i framlegget til vedtak frå Lerøy/Ap.
- Hege Ramsland (H) etterlyste at denne saka må handsamast i RMNF før det skal gjennomførast kutt. Her svarta kommunalsjef Færøy at fritidskontakt er eit lovpålagt tilbod, men det er ikkje vedteke politisk kor mange timar ein skal ha, og i Austrheim har det nok vore litt raust. Er krav om økonomisk innsparing, og det må skje også her. Det som er gjort så langt, er at det har gått ut eit brev om at timetalet skal vurderast.
- Hege Ramsland (H) viste til at det har komme tilbakemeldingar frå brukarar som har fått sitt tilbod redusert frå 16 til 10 timar i månaden, dette betyr at dei ikkje rekk ein tur på kino eller handling i Knarvik i løpet av dei 2,5 timane det er den eine gongen i veka.

Morten Sognnes (H) sa at han ønskjer å tilby det ledige bustadområdet på Kaland gratis til den utbyggjaren som tar på seg å bygga ut dette.

Etter diskusjonen i formannskapet reviderte Lerøy (Ap) sitt framlegg om tillegg til vedtak: Sak PS 78/25 - revidert framlegg om tillegg til vedtak:

5. Formannskapet ber om at kommunedirektøren straks går i dialog med NAV Fensfjorden med tanke på å finna løysingar som reduserer kommunen sine utgifter til sosiale ytingar både på kort og lang sikt.

I tillegg ber me om at følgjande tiltak blir sette i verk:

- Presenter kommunale bustadtomter til sals på kommunen si heimeside. For bustadareal som kommunen eig på Kaland (gards- og bruksnummer 131/fleire) får administrasjonen løyve til å inngå avtale med utbyggjarar om å overta dette arealet vederlagsfritt, med eigne vilkår gjeldande frist for igangsetting med meir

- Gjer det same med kommunale næringseigedommar som er til sals
- Legg listene som viser kor mange hus det kan byggjast i arealplanperioden i kvar bygd ut på heimesida
- Kommunen må klaga på Mattilsynet sitt vedtak om å nekta etablering av eit oppdrettsanlegg ved Senoksen i tråd med felles plan for sjøareal i Nordhordland.
- Til neste møte i kommunestyret ønskjer me ei orientering om kor mykje pengar kommunen har brukt på konsulentar i saka om nytt helsetun og ei liste over kva konsulentselskap kommunen har nytta seg av i dette arbeidet.
- Me må også få ei orientering om kor mange det er som vert råka av nedskjeringane i timetalet for fritidskontakt, samt kor store reduksjonar det er snakk om for den enkelte brukar. Kor mykje vil kommunen spara på dette tiltaket? Ønskjer ei orientering om dette i kommunestyret 1. oktober.

Formannskapet fastsette kva sum Leirvåg bedehus skal få til jubileet sitt (2.000 kroner per tiår). Kommunedirektøren får i oppdrag å finna kvar midlane skal hentast, gjerne frå eit fond om det er noko ståande som kan disponerast til dette.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samt det reviderte tillegget frå Lerøy (Ap), og tillegget om gåve til Leirvåg bedehus.

Vedtak i sak 78/2025 Tertialrapport 2 med budsjettjustering

Formannskapet - 18.09.2025

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og gjeldsrapporten for andre tertial til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp eit lån i Husbanken på 7,5 millionar kroner til bruk som startlån.
3. Kommunestyret godkjenner at budsjettet for sosiale ytingar vert auka med 2,2 millionar kroner, vert finansiert gjennom nye kutt i revidert budsjett for 2025.
4. Skatteanslaget for 2025 vert redusert ned med 16 millionar kroner, mens rammetilskota vert auka med tilsvarende beløp.
5. Formannskapet ber om at kommunedirektøren straks går i dialog med NAV Fensfjorden med tanke på å finna løysingar som reduserer kommunen sine utgifter

til sosiale ytingar både på kort og lang sikt.

I tillegg ber me om at følgjande tiltak blir sette i verk:

- Presenter kommunale bustadtomter til sals på kommunen si heimeside. For bustadareal som kommunen eig på Kaland (gards- og bruksnummer 131/fleire) får administrasjonen løyve til å inngå avtale med utbyggerar om å overta dette arealet vederlagsfritt, med eigne vilkår gjeldande frist for igangsetting med meir
 - Gjer det same med kommunale næringseigedommar som er til sals
 - Legg listene som viser kor mange hus det kan byggjast i arealplanperioden i kvar bygd ut på heimesida
 - Kommunen må klaga på Mattilsynet sitt vedtak om å nekta etablering av eit oppdrettsanlegg ved Senoksen i tråd med felles plan for sjøareal i Nordhordland.
 - Til neste møte i kommunestyret ønskjer me ei orientering om kor mykje pengar kommunen har brukt på konsulentar i saka om nytt helsetun og ei liste over kva konsulentselskap kommunen har nytta seg av i dette arbeidet.
 - Me må også få ei orientering om kor mange det er som vert råka av nedskjeringane i timetalet for fritidskontakt, samt kor store reduksjonar det er snakk om for den enkelte brukar. Kor mykje vil kommunen spare på dette tiltaket? Ønskjer ei orientering om dette i kommunestyret 1. oktober.
6. Leirvåg bedehus skal få gåve frå kommunen til jubileet sitt (2.000 kroner per tiår). Kommunedirektøren får i oppdrag å finna kvar midlane skal hentast, gjerne frå eit fond om det er noko ståande som kan disponerast til dette.

Sak 74/2025 Tertialrapport 2 med budsjettjustering

Kommunestyret - 01.10.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte:

Gjennomgang av skattetala og gjeldsrapport. Sjå vedlegg.

Finansreglementet er godkjent i kommunestyret. Vi får ein rapport kvar md. som viser at vil følgjer finansreglementet.

Sjukefråværet går ned. Mest gledeleg at langtidsfråværet går ned. Trekker spesielt fram skulane. Dette skal vi vere stolt av. Vi har fantastiske tilsette, og vi må huske å skryte av dei.

Det viktige er at vi ikkje bruker meir pengar enn det vi har. Det er ein del faktorar som er usikkert.

Per Lerøy (Ap) - tok ordet i saka.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte innstillinga frå formannskapet, men nokre endringar: Representantar frå NAV kjem i neste kommunestyremøte og det punktet vert teke vekk. Presisering om at kommunale næringstomter ikkje skal vere vederlagsfritt.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med endringar frå formannskap og i møte.

Vedtak i sak 74/2025 Tertialrapport 2 med budsjettjustering

Kommunestyret - 01.10.2025

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og gjeldsrapporten for andre tertial til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp eit lån i Husbanken på 7,5 millionar kroner til bruk som startlån.
3. Kommunestyret godkjenner at budsjettet for sosiale ytingar vert auka med 2,2 millionar kroner, vert finansiert gjennom nye kutt i revidert budsjett for 2025.
4. Skatteanslaget for 2025 vert redusert ned med 16 millionar kroner, mens rammetilskota vert auka med tilsvarende beløp.
5. Kommunestyret ber kommunedirektøren om at følgjande tiltak blir sette i verk:
 - Presenter kommunale bustadtomter til sals på kommunen si heimeside. For bustadareal som kommunen eig på Kaland (gards- og bruksnummer 131/fleire - Vardeflaten) får administrasjonen løyve til å inngå avtale med utbyggarar om å overta dette arealet vederlagsfritt, med eigne vilkår gjeldande frist for igangsetting med meir
 - Kommunale næringseigedommar som er til sals skal også presenterast på kommunen si heimeside.
 - Legg listene som viser kor mange hus det kan byggjast i arealplanperioden i kvar bygd ut på heimesida

PS 75/2025 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering mellom tomtealternativ

Styringsgruppa sitt framlegg til vedtak:

Styringsgruppa tilrår at ein går vidare med tomtealternativ 5 for nybygg. Dette i tillegg til tomt 4: Tilbygg og rehabilitering av Nordliheimen, for vidare arbeid med skisseprosjekt.

Sak 75/2025 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering mellom tomtealternativ

Kommunestyret - 01.10.2025

Handsaming:

Terje Håland (Ap) som leiar i Levekårsutvalet/styringsgruppa la fram saka. Styringsgruppa har gått gjennom Sweco rapportane og saka har vore oppe i medverknadsråda. Utdjupar ikkje drøftingane som var i styringsgruppa, men styringsgruppa er oppe på at det ikkje var enkelt å lande på eit framlegg til vedtak. Har ikkje lagt avgjerande vekt på økonomien i denne fasen, fordi det framleis er knytt usikkerheit til kostnadane ved dei ulike alternativa. Tomtevala har vore godt og grundig drøfta i styringsgruppa før ein kom fram til si innstilling.

Aslak Bakke (H) la fram framlegg til vedtak frå Høgre:

Arbeidet med å vurdere alternativa for nytt helse- og omsorgs tun har no kome så langt at kommunen ikkje lenger treng to alternativ for nybygg. Både dei faglege vurderingane og eldrerådet peikar på at tom 1 er eit klart betre alternativ enn tomt 5. Austrheim Høgre meiner fokus no må vere at ressursane må nyttast til å samanlikne den best eigna tomta med alternativ 4 oppgradering, og føreslår difor:

A. Tomt 5 vert ikkje tatt med vidare i prosjektet nytt helse og omsorgs tun.

B. Administrasjonen får i oppdrag å jobba vidare med å samanlikne alternativ 1 og 4.

C. Dersom tomt 5 like vel blir valt så må kostanden på eventuell flytting av motorcrossbanen tas med i budsjettet til bygging av nytt helsetun.

Det vart pause i møte for å halde gruppemøte og gruppeleiar møte.

Ordførar Morten Sognnes (H): Vi har to alternativ, viss vi tar vekk punkt C. i framlegget frå Høgre eller legge det til i administrasjonen sitt framlegg.

Høgre fekk spørsmål om ein kunne ta vekk punktet om motorcrossbana. Det vart stadfesta.

Handsaming i kommunestyret:

Det vart røysta over følgjande framlegg til vedtak:

Framlegg frå Levekårsutvalet som styringsgruppe:

Kommunestyret vedtar at ein går vidare med tomtealternativ 5 for nybygg. Dette i tillegg til tomt 4: tilbygg og rehabilitering av Nordliheimen, for vidare arbeid med skisseprosjekt.

Framlegg frå administrasjon/Høgre:

Kommunestyret vedtar at ein går vidare med tomtealternativ 1 for nybygg. Dette i tillegg til tomt 4: tilbygg og rehabilitering av Nordliheimen, for vidare arbeid med skisseprosjekt.

Det var 10 røyster for framlegget frå styringsgruppa (tomteval 5 og 4) og 7 røyster mot.

Følgjande røysta for: Per Lerøy (Ap), Monika Thorpe (Ap), Ann Kristin Leirvåg (Ap), Terje Håland (Ap), Reidar Ulvøy (Ap), Anette Kaland (Ap), Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp), Gro Kaland (Sp), Reidar Øksnes (Sp), Frank Erik Øksnes (uavh).

Følgjande røysta mot: Morten Sognnes (H), Hege Ramsland (H), Odd-Marthin Totland (H), Aslak André Bakke (H), Casper Ramsland (H), Renee Hansen Semmingsen (SL), Ingeborg Lohne Hordvik (SL).

Vedtak i sak 75/2025 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering mellom tomtealternativ

Kommunestyret - 01.10.2025

Kommunestyret vedtar at ein går vidare med tomtealternativ 5 for nybygg. Dette i tillegg til tomt 4: tilbygg og rehabilitering av Nordliheimen, for vidare arbeid med skisseprosjekt.